

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FE - 077	17/601

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
28/2017	Utval for levekår	PS	21.03.2017
29/2017	Kommunestyret	PS	29.03.2017
46/2017	Kommunestyret	PS	10.05.2017

Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kulturtenesta ønskjer å sjå på høva til å opprette ein musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland.

Vurdering

Ein slik pris fanst tidlegare, og kan no etablerast på nytt. Formålet med prisen må vere og anerkjenne unge utøvarar for innsats, framdrift og innhald ved kunst- og kulturutøvinga si, og gi dei merksemd ved eit heidersteikn, som viser at innsatsen og arbeidet deira vert sett pris på.

Følgjande retningsliner vert lagt fram:

Retningsliner for Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland

Prisen skal vere eit heidersteikn, som anerkjenner unge utøvarar busett i Meland og som viser stor innsats, framdrift og kvalitet i kunst- og kulturutøvinga si.

Prisen vert delt ut ein gong i året, til ein utøvar kvart år. Utøvaren må vere frå 13 til 19 år i tildelingsåret.

Nominasjonar kan sendast gjennom året til kommunen frå lag, organisasjonar og Meland kulturskule.

Aktuelle kulturuttrykk er musikk, dans, scenekunst, litteratur, biletkunst, kunsthåndverk, film/media og som kulturarrangør.

Innstilling vert gitt av eit fagpanel sett saman av ein person frå kvar av: Meland ungdomsråd, Meland kulturskule og Tenestesområde kultur. Fagpanelet bør innhente råd frå relevante lag og organisasjonar, som til dømes musikklag, skulekorps, revylag eller litterære lag. Avgjerd skjer i Utval for levekår.

Prisen skal bestå av eit diplom og eit gåvekort (eller gåvesjekk) pålydande kr 5 000, som skal nyttast til relevant aktivitet eller utstyr knytt til kulturutøvinga. Verdien kan justerast etter normal prisvekst etter fem år er gått frå opprettinga av Musikk- og kulturprisen.

Folkehelse

Engasjert ungdom, som kan få delta og bidra til eit aktivt lokalt kultur- og samfunnsliv, er av stor verdi for alle som bur i kommunen.

Miljø

Ikkje vurdert særskilt i saka

Økonomi

Tiltaket kan dekkast inn over eksisterande drift

Konklusjon

Retningsliner for Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland ligg føre.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner å opprette Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland i samsvar med retningslinene i vurderinga.»

Utval for levekår - 28/2017

ULK - behandling:

ULK – samråystes framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner å opprette Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland i samsvar med retningslinene i vurderinga.»

Kommunestyret - 29/2017

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå Øyvind Oddekalv:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

Utsetjingsframlegget vart samråystes vedteke.

KS - samråystes vedtak:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

Kommunestyret - 46/2017

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå Thomas Wallem, Meland Høgre:

Kommunestyret ber rådmann fremme sak om idrettspris for unge utøvere for Utval for levekår.

Avrøyting:

Framlegg til vedtak frå Utval for levekår vart samrøyistes vedteke.

Framlegg til vedtak frå Thomas Wallem vart samrøyistes vedteke.

KS - samrøyistes vedtak:

Kommunestyret godkjenner å opprette Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland i samsvar med retningslinene i vurderinga.

Kommunestyret ber rådmann fremme sak om idrettspris for unge utøvere for Utval for levekår.